



## MØTEPROTOKOLL

**Utval:** Personal og økonomiutvalet

**Møtedato:** 14.04.2009

**Møtetid:** 13:00 - 18:15

**Møtestad:** Kommunehuset

Av 5 medlemmer møtte 5, inkludert varamedlemmer.

<b>Desse medlemene møtte ikkje:</b>	<b>I staden møtte:</b>
Marion Langhelle Pedersen Ivar Rolland	Jon Magne Bogevik Bjørn Sævild

**Andre som var til stades på møtet:**

Adm.sjef Ramsli, ass.adm.sjef Våge og teknisk sjef Erstad under heile møtet, økonomisjef Erdal under sak 17-18/09

**Merknader:**

<b>Dokument utlevert i møtet:</b>	
<b>Orienteringar/meldingar:</b>	<p>Ytre Tysse – kort orientering om status. John Inge Sandvik er prosjektleiar for prosjektet. Asplan vil verte nytta i detaljprosjekteringa for kaia og gata.</p> <p><u>Skulebruksplanen</u> – kort status frå Ad hoc-utvalet. ADI går gjennom skuleadministrasjonen. Framdriftsplanen vil truleg justerast pga høyringsfristar og arbeidet med tekniske vurderingar av bygga. Ad hoc-gruppa kjem tilbake med forslag til datoar.</p>
<b>Utvalet sitt kvarter:</b>	
<b>Spørsmål/interpellasjonar:</b>	

Evt. merknader til protokollen må sendast Samnanger kommune innan 3 dagar.

Desse sakene vart handsama:

## SAKLISTE

<b>Saknr.</b>	<b>Arkivsak</b>	<b>Sakstittel</b>
014/09	09/45	Godkjenning av innkalling og sakliste
015/09	09/46	Godkjenning av møtebok frå førre møte
016/09	09/47	Delegerte vedtak / referatsaker
017/09	09/25	Kommunerekneskapen 2008.
018/09	09/7	Framtidig legevakt i Samnanger - val av organisering og finansiering
019/09	09/23	Årsmelding 2008.
020/09	09/17	Fleirbrukshall i Samnanger - oppfølging av kulturplanen og oppstart av ad hoc gruppe
021/09	09/3	Løyving til utgreiingsarbeid - steinnemnd
022/09	09/21	Tilleggsløyving brann 2009
023/09	09/35	Plassering og finansiering av paviljong
024/09	09/4	Tilskot frå Næringsfondet - Paul Torvund.
025/09	09/48	Kommunal garanti M.S. Midthordland
026/09	09/34	Kjøp av bustadhus gnr 26, bnr 25

**Saknr. 014/09**

**GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE**

**Administrasjonssjefen sitt framlegg til vedtak:**

Møteinnkallinga og saklista vert godkjent.

14.04.2009 Personal og økonomiutvalet

Handsaming i møtet: Sak 19/09 vart handsama før sak 18/09.

PØ-014/09 Vedtak: Møteinnkallinga og saklista vert godkjent med følgjande endring: sak 19/09 vart handsama før sak 18/09.

.....

**Saknr. 015/09**

**GODKJENNING AV MØTEBOK FRÅ FØRRE MØTE**

**Administrasjonssjefen sitt framlegg til vedtak:**

Møteboka frå førre møte vert godkjent.

14.04.2009 Personal og økonomiutvalet

Handsaming i møtet:

PØ-015/09 Vedtak: Møteboka frå førre møte vert godkjent.

.....

**Saknr. 016/09**

**DELEGERTE VEDTAK / REFERATSAKER**

**Administrasjonssjefen sitt framlegg til vedtak:**

Delegerte vedtak/referatsaker vert tekne til orientering.

14.04.2009 Personal og økonomiutvalet

Handsaming i møtet:

PØ-016/09 Vedtak: Delegerte vedtak/referatsaker vert tekne til orientering.

.....

**Saknr. 017/09**  
**KOMMUNEREKNESKAPEN 2008.**

.....

14.04.2009 Personal og økonomiutvalet

Handsaming i møtet: Fellesframlegg v/Marit Aase (Krf): ” Samnanger kommune godkjenner kommunerekneskapen for 2008 og revisjonsmeldinga slik den ligg føre.

Overskotet i rekneskapen er sett til kr. 2.476.867,-. Kommunestyret vil i junimøtet gjera vedtak om disposisjon av overskotet. ”

Framlegget vart samrøystes vedteke.

PØ-017/09 Vedtak: Samnanger kommune godkjenner kommunerekneskapen for 2008 og revisjonsmeldinga slik den ligg føre.

Overskotet i rekneskapen er sett til kr. 2.476.867,-. Kommunestyret vil i junimøtet gjera vedtak om disposisjon av overskotet.

.....

**Saknr. 018/09**  
**FRAMTIDIG LEGEVAKT I SAMNANGER - VAL AV ORGANISERING OG FINANSIERING**

---

14.04.2009 Personal og økonomiutvalet

Handsaming i møtet: Marit Aase (Krf) sette fram følgjande fellesframlegg:” Med bakgrunn i framkomne opplysningar og kostnadsoppsett i tabellen i saksutgreiinga inngår Samnanger kommune samarbeidsavtale om felles legevakt stasjonert i Os.

Det vert innført First Responder ordning. Ordninga vert starta opp i juni månad 2009.

Legevaktsamarbeid og First Responder ordninga skal evaluerast innan 01.09.2011.

Meirkostnaden for 2009 på kr. 1 million skal takst frå disposisjonsfondet.

Det vert utarbeidd ein risiko-/sårbarheitsanalyse for Eikedalen skisenter”

Det vart røysta over fellesframlegget som vart samrøystes vedteke.

PØ-018/09 Vedtak: Med bakgrunn i framkomne opplysningar og kostnadsoppsett i tabellen i saksutgreiinga inngår Samnanger kommune samarbeidsavtale om felles legevakt stasjonert i Os. Det vert innført First Responder ordning. Ordninga vert starta opp i juni månad 2009. Legevaktsamarbeid og First Responder ordninga skal evaluerast innan 01.09.2011. Meirkostnaden for 2009 på kr. 1 million skal takst frå disposisjonsfondet. Det vert utarbeidd ein risiko-/sårbarheitsanalyse for Eikedalen skisenter.

.....

**Saknr. 019/09**  
**ÅRSMELDING 2008.**

.....

14.04.2009 Personal og økonomiutvalet

Handsaming i møtet: Utvalet gjekk igjennom Årsmelding 2008.

PØ-019/09 Vedtak: Kommunestyret tek Årsmelding 2008 for Samnanger kommune til orientering.

.....

**Saknr. 020/09**  
**FLEIRBRUKSHALL I SAMNANGER - OPPFØLGJING AV KULTURPLANEN OG OPPSTART AV AD HOC GRUPPE**

**Administrasjonssjefen sitt framlegg til vedtak:**

.....

14.04.2009 Personal og økonomiutvalet

Handsaming i møtet: Marit Aase (Krf) sette fram følgjande fellesframlegg:  
”Det vert oppnemnd ein plankomitee for fleirbrukshall i Samnanger:

<b>PLANKOMITEEN FOR FLEIRBRUKSHALL</b>		
Plangruppe repr.	Organisasjon	Medlemmer
Repr. Byggherre	Samnanger kommune	Hovudansvarleg for kultur-/skuleområdet – Hilde-Lill Våge Kulturkonsulent – Johannes Tysseland; Sekretær i plangr Teknisk leiar – Ivar Erstad; Leiar i plangruppa.
Repr. Idrettslaget	Samnanger idrettslag	Nils Aadland Roger Lemme
Politiske repr. -ansvar for idrett og fritid	Oppvekst og omsorg (aktivitetsansvar) Naturutvalet (anleggsansvar)	Kristian Jørgensen – repr. Adhoc skulebruksplan  Bjørn Sævill - repr. Adhoc steingruppa
<i>Repr. Frå andre brukargruppe</i>	<i>Høyringsinstans</i>	<i>Td UR/barnas repr./råd nedsett funksjonsevne/næringsforum/ect. vert invitert til plangruppa etter behov.</i>

Plankomiteen kjem tilbake til PØ-utvalet/styringsgruppa med framlegg til framdriftsplan til møtet 04.06.09”

PØ-020/09 Vedtak: Det vert oppnemnd ein plankomitee for fleirbrukshall i Samnanger:

<b>PLANKOMITEEN FOR FLEIRBRUKSHALL</b>		
Plangruppe repr.	Organisasjon	Medlemmer
Repr. Byggherre	Samnanger kommune	Hovudansvarleg for kultur-/skuleområdet – Hilde-Lill Våge Kulturkonsulent – Johannes Tysseland; Sekretær i plangr Teknisk leiar – Ivar Erstad; Leiar i plangruppa.
Repr. Idrettslaget	Samnanger idrettslag	Nils Aadland Roger Lemme
Politiske repr. -ansvar for idrett og fritid	Oppvekst og omsorg (aktivitetsansvar) Naturutvalet (anleggsansvar)	Kristian Jørgensen – repr. Adhoc skulebruksplan  Bjørn Sævill - repr. Adhoc steingruppa
<i>Repr. Frå andre brukargruppe</i>	<i>Høyringsinstans</i>	<i>Td UR/barnas repr./råd nedsett funksjonsevne/næringsforum/ect. vert invitert til plangruppa etter behov.</i>

Plankomiteen kjem tilbake til PØ-utvalet/styringsgruppa med framlegg til framdriftsplan til møtet 04.06.09.

.....

**Saknr. 021/09**

**LØYVING TIL UTGREIINGSARBEID - STEINNEMND**

**Administrasjonssjefen sitt framlegg til vedtak:**

Steinnemnda får disponera inntil kr. 100 000 i arbeidet sitt med å utgreia bruk av overskotsmassar frå bygging/renovering av kraftverk og tunnel. Dette omfattar m.a. å utarbeida eit skissegrunnlag

for Bjørkheimområdet eventuell for andre området. Utredningsarbeidet vert finansiert ved bruk av næringsfondet.

14.04.2009 Personal og økonomiutvalet

Handsaming i møtet: Samrøystes vedteke.

PØ-021/09 Vedtak: Steinmemnda får disponera inntil kr. 100 000 i arbeidet sitt med å utgreia bruk av overskotsmassar frå bygging/renovering av kraftverk og tunnel. Dette omfattar m.a. å utarbeida eit skissegrunnlag for Bjørkheimområdet eventuell for andre området. Utredningsarbeidet vert finansiert ved bruk av næringsfondet.

.....

**Saknr. 022/09**

**TILLEGGSLØYVING BRANN 2009**

**Administrasjonssjefen sitt framlegg til vedtak:**

Under føresetnad av at den gamle brannbilen vert solgt for minimum kr 50.000 vert det gitt løyve til å nytta inntil 25.000 kroner av salssummen til kjøp av utstyr til brannmannskapet.

14.04.2009 Personal og økonomiutvalet

Handsaming i møtet: Samrøystes.

PØ-022/09 Vedtak: Under føresetnad av at den gamle brannbilen vert solgt for minimum kr 50.000 vert det gitt løyve til å nytta inntil 25.000 kroner av salssummen til kjøp av utstyr til brannmannskapet.

.....

**Saknr. 023/09**

**PLASSERING OG FINANSIERING AV PAVILJONG**

14.04.2009 Personal og økonomiutvalet

Handsaming i møtet: Marit Aase (Krf) sette fram følgjande framlegg:” Paviljongen vert plassert på kommunal tomt på Bjørkheim. Kostnadsoverslag og forslag til finansiering vert lagt fram i kommunestyret.” Det vart røysta over framlegget som vart samrøystes vedteke.

PØ-023/09 Vedtak: Paviljongen vert plassert på kommunal tomt på Bjørkheim.  
Kostnadsoverslag og forslag til finansiering vert lagt fram i kommunestyret.

.....

**Saknr. 024/09**

**TILSKOT FRÅ NÆRINGSFONDET - PAUL TORVUND.**

**Administrasjonssjefen sitt framlegg til vedtak:**

Søknad om tilskot til investering i kontor og datautstyr blir avslegen.

Administrasjonen ber Paul Torvund ta kontakt med ProSam med tanke på å inngå ein avtale for eit tidsrom for å prøva ut forretningsideen sin. Dersom samarbeidet med ProSam syner progresjon og det er grunnlag for ein ny søknad om tilskot, vil denne bli vurdert i lys av kva som er oppnådd.

.....

14.04.2009 Personal og økonomiutvalet

Handsaming i møtet: Samrøystes vedteke.

PØ-024/09 Vedtak: Søknad om tilskot til investering i kontor og datautstyr blir avslegen.

Administrasjonen ber Paul Torvund ta kontakt med ProSam med tanke på å inngå ein avtale for eit tidsrom for å prøva ut forretningsideen sin. Dersom samarbeidet med ProSam syner progresjon og det er grunnlag for ein ny søknad om tilskot, vil denne bli vurdert i lys av kva som er oppnådd.

.....

**Saknr. 025/09**

**KOMMUNAL GARANTI M.S. MIDTHORDLAND**

**Administrasjonssjefen sitt framlegg til vedtak:**

Samnanger kommune garanterer for kr 100.000 av lån som Midthordlandske Damskipsselskap as tek opp til kjøp av M.S. Midthordland. Garantien vert gitt som simpel kausjon.

Garantien gjeld i 10 år frå lånet vert teke opp og vert redusert med 10.000 kroner pr. år. Garantien gjeld ikkje lenger enn til 2019.

14.04.2009 Personal og økonomiutvalet

Handsaming i møtet: Samrøystes vedteke.



PØ-025/09 Vedtak: Samnanger kommune garanterer for kr 100.000 av lån som Midthordlandske Damskipsselskap as tek opp til kjøp av M.S. Midthordland. Garantien vert gitt som simpel kausjon. Garantien gjeld i 10 år frå lånet vert teke opp og vert redusert med 10.000 kroner pr. år. Garantien gjeld ikkje lenger enn til 2019.

.....

**Saknr. 026/09**

**KJØP AV BUSTADHUS GNR 26,BNR 25**

**Administrasjonssjefen sitt framlegg til vedtak:**

Samnanger kommune kjøper gnr. 26 bnr. 25 til oppgjeve takst. Kjøpet vert finansiert ved opptak av lån inntil 1.7 millionar kroner.

14.04.2009 Personal og økonomiutvalet

Handsaming i møtet: Samrøystes vedteke.

PØ-026/09 Vedtak: Samnanger kommune kjøper gnr. 26 bnr. 25 til oppgjeve takst. Kjøpet vert finansiert ved opptak av lån inntil 1.7 millionar kroner.

